



**Måndag 25. januar klokka 20 skal Uskedalen Utvikling halda årsmøte i Gamleskulen og mellom annafå ny leiar. Gunnar Myklebust har fråsagt seg attval etter å ha hatt vervet i to år.**

Også styremedlemmene Anita Enæs og Magne Huglen er på val, medan Reidar Myklebust og Jane Haaranes ikkje er det.

På saklista står dei vanlege sakene. Dei som ynskjer at andre saker skal drøftast, må mellda inn desse før 21. januar..På biletet skruer Gunnar Myklebust saman stolar i Gamleskulen.

(Foto: Ola Matti Mathisen)